Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 Fylke: Opland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Ringebu

Emne: Bordskikk til kvardags. Bygdelag: Venabygd

Oppskr. av: Einar Hovdhaugen Gard: Venåsen

(adresse): Venabygd G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja. Det var gjerne både langbord og bordskive på kvart kjøkken for ein 40-50 år sidan. Ofte åt dei berre middagen ved langbordet og dei andre måla ved skiva. Var det lite folk på garden hende det dei åt alle måla ved skiva.

2. Alle åt same mat og til same tid her i bygdelaget. Men på dei største gardane vede i huguskuret åt tenestefolk og sjølvefolk kvar for seg og kvar sin mat. Det vart nemnt å bruke to bordhald.

6. Frå gamalt åt alle alltid på kjøkkenet her i bygda. På dei få storgardane der det vart nytta 2 bordhard, åt sjølvefolket i kammerset. Etter at det vart meir med ei „penstugu" på gardane, blir det gjerne ete der når det er framandfolk i huset. Tenestfolka et da alltid på kjøkkenet.

7. Husbonden sit gjerne ved eine smalenden av langbordet, og husmora narast han på høgre langenden.

8. Nei.

9. Högsätet. (uttalast her: hegsete.) Plassen er ikkje markert annorleis enn at det er den smalenden av langbordet som støyter mot veggen.

11. Hendene vart nok ikkje vaska utan ein hadde vore borti sers søylete arbeid. Mannfolka tok alltid lua av før dei sette seg tilbords. Det var det grøvste brot på

12. god folkeskikk å ikkje gjera det. Graut og suppe vart ete av

4871

same fatet til for ein 40-50 år sidan. Ein hadde og felles mjölkekopp til grauten. Det var antan trefat eller leirspilkum. Når ein åt graut tok ein ein beta graut på skeia og duppa i mjölkekoppen. Den måten å eta graut på, selg da vassgraut, er vanleg enda. Kaffedikking var nok det som fyrst förde til nytting av kvar sin dikkekopp.

13. Steikepanna var det ikkje uvanleg å setja direkte på bordet på ein panneringg, men det var ikkje kjent at det vart gjort med gryter.

14. Suvl (kjött, fisk, smör) vart alltid lagt mellom to stykke flatbröd. Det kallast å gjera seg beta.

15. Ja.

16. I kvardags lag drakk ein alltid av skåla, når kaffen var varm. Det nyttast enda av eldre folk.

17. Til kvardags bruk vart gaffelen ikkje vanleg brukt för ein 30-40 år sidan.

18. Mennene brukte ofte tollekniven ved bordet. Kvinnene brukte vanlege bordknivar.

19. Det var vanleg at kvar hadde ~~sin skje~~ si skei. Skeiene var gjorde av tre eller bein (horn). Dei var ofte nyttte med namn. Når ein var ferdig med å eta, vart skeiene vel sleikte eller tåka av på tröyerma og sett opp i veggesprunge eller i skeitreet, der det var slikt, oppe på veggen. Når ein tok til å vaske skeiene er ikkje så godt og seia, men det höyrer nok dette hundradåret til.

20. Kring 1900-talet tok ein etterkvart til å bruke steintytallerkar til kvardags. Ein gjekk frå felles mjölkebolle over til at kvar fekk sin eige djupe tallerk istaden. Fellesfatet for graut vara lenge, enkelte stader heilt opp i 1920-åra.

21. Nei. Bli heller ikkje brukt i dag.

22. Helst måla bord ein vaskar.

23. Maten vart <u>skifta</u> av husmora.

4871

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

24. Det var gjerne sóvlet som vart skifta (smør, kjøtt og flesk.)
25. Maten vart skifta etter beste skjøn, slik at dei som gjekk i tungarbeid, og var mest svoltne fekk mest.
26. 6-7 år. Foreldra hjelpte gjerne dei minste borna. Var det mange born hjelpte dei største syskina ofte dei mindre
27. Til ganske små ~~born~~ born 1-2 år var det før ikkje sjeldan at dei vaksne tygde til dei.
28. Nei.
29. Helst ikkje for borna.
32. Ja.
33. Ein takka som regel ikkje for maten når ein ikkje var i lag eller hos framande.
34. Det ~~ord~~ „Signe maten" er ukjent her.
35. Det hende, serleg når det var ein god kjenning, men ikkje alltid.
36. Ja, helst kaffe og kaker.
37. Ja.
38. Ja. Ein kokte helst kaffe til kvargong.
39. Frå gamalt åt vistnok gjesten og på kjøkenet. Nå er det så ymse. Granner blir ofte traktete på kjøkenet. Meire sjeldre framand i stugua eller kammerset. Ein eller fleire av sjølvefolket et i lag med dei.
40. Ja. Det kallast her å vera hávar, og det var god skikk.

4871

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING